




## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Johan Sverre Rivertz, 55572379

Vår dato  
15.04.2009  
Dykkar dato  
30.01.2009

Vår referanse  
2009/1529 008  
Dykkar referanse  
200900199- /JFR

Arbeids- og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8019 Dep  
0030 Oslo



### Høyring – forslag til regelverk for å følgja opp St.meld. nr 18 (2007–2008) og forslag til forskrifter til ny utlendingslov kap 3 om arbeid og studier mv.

Fylkesmannen i Hordaland viser til høyringsbrev med utkast til kapittel 6 i ny utlendingsforskrift.

Fylkesmannen i Hordaland har følgjande merknad til utkastet:


I forslaget til § 6-19 (Oppholdstillatelse til studenter mv.) heiter det i andre ledd:


«Tillatelse til studenter ved folkehøgskole eller livssynskole kan bare gis for til sammen ett år.»

Ordet «livssynsskole» er ikkje definert. Privatskolelova bruker ordlyden «skole som er godkjend på religiøst grunnlag», men dette gjeld både vanlege grunn- og vidaregåande skular, og «vidaregåande skolar som gir yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar». Til dei siste høyrar mellom anna bibelskulene. Ut frå samanhengen og samanstillinga med folkehøgskule, latar det til å vere desse forslaget siktar til.

Forslaget synast å ta utgangspunkt i at alle desse skulane er eitårige, slik som folkehøgskulane. Det bør då gjerast merksam på at fleire av bibelskulane har fått godkjenning frå Kunnskapsdepartementet for eit *andre skuleår*. Dersom ein fyrst opnar for at utanlandske studentar skal kunne gå på slike skolar, ville det vere naturleg at dei også får følge begge skuleåra der dette vert tilbode.

Med helsing

  
Hjalmar Olseth e.f.  
ass. utdanningsdirektør.

  
Johan Sverre Rivertz  
rådgevar